



Kviteseid kommune
Ordføreren

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dykkar ref:
«REF»

Vår ref:
2021/69-3

Saksh:
Øystein Tveit,
35 06 81 36

Arkivkode:
L00

Dato:
05.02.2021

K - kommunal planstrategi - plandokument til offentlig ettersyn

Vedlagt følger Kviteseid kommune sin planstrategi til høyring.
Høyringsfristen er satt til 15.03.2021

Høyringa kan sendast til:
Kviteseid kommune
Kviteseidgata 13

3855 Kviteseid

Post@kviteseid.kommune.no

Med helsing

Øystein Tveit
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendast utan signatur.

Vedlegg:
1 Kommunal planstrategi 2020 -2024 - Plandokument

Kopi til:

Postadresse: Kviteseidgt. 13
3850 KVITeseID
E-post: post@kviteseid.kommune.no

Telefon: 35 06 81 00
Heimeside: www.kviteseid.kommune.no

Bankkonto: 2660 07 00145
Foretaksnr.: 964 963 827

Bjørn Nordskog

**Kviteseid kommune**

Arkiv: L00
 Saksmappe: 2021/69-1
 Sakshand.: Øystein Tveit
 Dato: 07.01.2021

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato

K - kommunal planstrategi - plandokument til offentlig ettersyn

Vedlegg:

1 Kommunal planstrategi 2020 -2024 - Plandokument

Faktiske tilhøve:

Plan- og bygningslova §10-1 stiller krav til at kommunestyret minst ein gong i valperioden skal vedta ein kommunal planstrategi, seinast eitt år etter konstituering. Kommunal planstrategi er eit overordna planverktøy og føremålet er å klargjere kva for planoppgåver som bør prioriterast i perioden, for å legge til rette for ei ønska utvikling i kommunen. Planstrategien kan brukast til å gjere det kommunale planarbeidet meir målretta og tydelegare politisk styrt, og bør ikkje vere meir omfattande enn nødvendig. Lova gir kommunen stort handlingsrom i arbeidet med å utarbeide og vedta den kommunale planstrategien. Nye mål og strategiar for kommunen blir ikkje vedtatt i kommunal planstrategi, men i planprosessar som er styrt og prioritert av denne.

I arbeidet med planstrategien kan dei nyvalde politiske organa gjere seg kjent med gjeldande planar. Kva er dei viktigaste utfordringane kommunen står framfor, og kva for planar treng vi for å møte desse?

I behandlinga skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan – samfunnsdel og arealdel-, eller delar av den skal reviderast, eller om planen skal vidareførast utan endringar. Kommunestyret kan under dette ta stilling til om det er behov for å sette i gong arbeid med nye arealplanar i valperioden, eller om gjeldande planar bør reviderast eller opphevast.

Planstrategien bør også vurdere andre planbehov i planperioden, og vise korleis kommunen ved planprosessar kan sikre gode bustader, velfungerande infrastruktur, konkurransedyktig næringsliv og attraktive lokalsamfunn for befolkninga samt vidareutvikle tenester innan skule, barnehage, teknisk, kultur, helse og omsorg.

Om planforslaget , prosessen og medverknad:

Forslaget til kommunal planstrategi viser overordna føringar, utviklingstrekk og utfordringar for kommunen som samfunnsutviklar, tenesteprodusent og arbeidsgjevar, kva planar kommunen har eller har under arbeid, med ei vurdering av revisjonsbehovet for kvar av dei, og forslag til nye planar.

Det er henta inn informasjon frå einingane for oversikt over gjeldande planar, delvis avgrensa til dei som er vedtatt politisk, og med unntak for private reguleringsplanar.

Forslag til planstrategi syner at samfunnsdel i kommuneplanen vart vedteken i 2019.

Rådmannen meiner det er for tidleg å rullere denne no.

Arealdelen blei rullert i 2019, treng heller ikkje reviderast.

Det må utarbeidast detaljregulerings-plan for minst eitt nytt bustadfelt på Stålandsåsen nær Kviteseid sentrum med føremål å leggje til rette for attraktive bustadtomter.

Det vert lagt opp til å revidere to eldre reguleringsplanar for bustadbygging. Planane har attraktive bustadtomter, men grunna endringar stemmer ikkje kart og terreng lenger. For å utnytte områda, bør planane oppdaterast, slik at vi kan synleggjere gode alternativ for bustadbygging.

Planstrategien legg elles opp til å rullere nokre tema/fagplanar innan teknisk drift, barnehage/skule, helse/omsorg og rådmannsstaben.

Vidare saksgang

Formannskapet skal nå vedta å legge forslag til kommunal planstrategi 2021 – 2024 ut til offentleg ettersyn/høyring (i minimum 30 dagar), uendra eller med ønska justeringar. Vedtaket vil bli annonsert i VTB og på kommunens heimeside. Regionale offentlege organ samt nabokommunar vil få skriftleg melding. Deretter vil forslaget med eventuelle endringar som fylgje av innkomne merknader i ettersynsperioden, bli lagt fram for kommunestyret til endeleg godkjenning så snart som mogleg.

Vurdering:

Det har ikkje blitt invitert til å kome med førehandsinnspel til planstrategien slik lova også opnar for. Den offentlege høyringsrunden er vurdert som tilstrekkeleg til å fange opp nye signal i så måte. Kommunen sjølv har ikkje kome opp med planbehov som må løysast interkommunalt, med unntak av ein klima og miljøplan for Vest-Telemark. Det kan vere uttrykk for at eit slikt behov ikkje er til stades i særleg omfang, jf. at kommunen til dømes ikkje har arealovergripande planar felles med nabokommunar. Men det kan også vere eit uttrykk for at kommunen ikkje fullt ut nyttar dei etablerte faglege fora til slike drøftingar.

Sjølve dokumentet *Kommunal planstrategi* er bygd på same mal som førre versjon.

Oppsett for når planen er tenkt rullert/utarbeidd er lagt inn. Det er rådmann og ansvarleg kommunalsjef som har ansvaret for å gjennomføre planprosessen.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet legg dokumentet *Kommunal planstrategi 2021-2024 Kviteseid kommune*, ut til offentleg ettersyn slik det ligg føre. Ettersynsperiode og innspelsfrist blir sett til 15.03.21.

Saksprotokoll i Formannskapet 2019-2023 - 04.02.2021

Behandling i møtet:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Formannskapet legg dokumentet *Kommunal planstrategi 2021-2024 Kviteseid kommune*, ut til offentlig ettersyn slik det ligg føre. Ettersynsperiode og innspelsfrist blir sett til 15.03.21.